

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 18.10.2024

Vår ref.: 202406970-2 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Høyring av førespurnad om vurdering av konsesjonsplikt for auka installert effekt og slukeevne i Ulvik (II) kraftverk i Tyssovassdraget i Ulvik kommune, Vestland fylke

NVE har fått ein førespurnad frå Eviny Fornybar AS om vurdering av konsesjonsplikt for auka installert effekt og auka slukeevne i Ulvik (II) kraftverk. Førespurnaden vert no send på høyring med høyringsfrist 02.12.2024.

Etter NVE si vurdering er ikkje saka så omfattande at kunngjering og brei offentleg høyring er nødvendig. Førespurnaden om vurdering av konsesjonsplikt vert derfor berre send på høyring til Ulvik kommune, Vestland fylkeskommune, Statsforvaltaren i Vestland, Villreinnemnda for Hardangerviddaområdet, Ulvik Fjellstyre, Ulvik Sportsfiskarlag og Fiskeridirektoratet.

Kva det vert søkt om

NVE har fått ein førespurnad frå Eviny Fornybar, datert 09.04.2024, om vurdering av konsesjonsplikt for auka installert effekt og auka slukeevne i Ulvik (II) kraftverk. Tiltaket er planlagt gjennomført med ny maskinutrusting i tillegg til eksisterande, og vil auke total slukeevne for kraftverket frå 6,1 m³/s inntil 12,3 m³/s. Effektauken frå 20 MW og opp til 40 MW vil ikkje gi auka produksjon. Førespurnaden er tilgjengeleg på NVE si nettside: www.nve.no/9383/V.

Førespurnaden skal handsamast etter vassressurslova § 18 og vurderast etter §§ 8 og 10 i same lov. NVE skal på bakgrunn av førespurnaden vurdere om tiltaket gir skade og ulempe av slik betydning for allmenne interesser at det oppstår konsesjonsplikt etter vassressurslova.

Kva vi ønskjer fråsegn om

NVE ønskjer tilbakemelding på om kjende allmenne interesser vert ramma av tiltaket, som til dømes friluftslivsinteresser, kulturminne, verdifulle naturtypar, raudlista artar og informasjon om vilt. Vi ønskjer også informasjon om planstatus, status i forhold til vassforskrifta, eksisterande vassuttak eller andre aktivitetar i vassdraget. Vi ønskjer også tilbakemelding dersom de meiner det er andre interessentar som bør få høve til å uttale seg.



Slik sender du inn høyringsfråsegn

Alle som har meiningar om saka, kan sende fråsegn på éin av følgjande måtar:

- via skjema for fråsegn, som de finn på saka si nettside (www.nve.no/9383/V)
- via e-post til nve@nve.no (merk e-posten med «Høyringsfråsegn» og saksnummer 202406970 i emnefeltet, og oppgi namn og organisasjonsnummer i innleiinga om du representerer ei verksemd)
- via brev til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO (merk brevet med «Høyringsfråsegn» og saksnummer 202406970 i emnefeltet, og oppgi namn og organisasjonsnummer i innleiinga om du representerer ei verksemd)

Frist for å sende fråsegn er

02.12.2024

Fråsegn eller delar av fråsegn vil bli refererte i NVE sitt vedtak. Dersom uttalen er lang, er det derfor ein fordel om det vert utarbeidd eit samandrag som kan brukast til dette. Høyringsfråsegnene er offentlege dokument, og sentrale saksdokument vert lagde ut på NVE sine nettsider.

Med helsing

Tord Solvang
senioringeniør

Oscar Østvold
førstekonsulent

Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner

Mottakarliste:

ULVIK HERAD
Fiskeridirektoratet
Villreinnemnda for Hardangerviddaområdet
Ulvik Fjellstyre
Ulvik Sportsfiskarlag
STATSFORVALTAREN I VESTLAND
VESTLAND FYLKESKOMMUNE

Kopimottakarliste:

EVINY FORNYBAR AS